

Besøksstrategi Verneområde i Nærøyfjordområdet



**Nærøyfjorden
verneområdestyre**

Rapportnr. 01-2020

Utførende institusjon: Nærøyfjorden verneområdestyre

Kontaktperson: Verneområdeforvaltar

Rapportnummer: 1-2020

Utgjevar: Nærøyfjorden verneområdestyre

Forfattar: Anbjørg Nornes, Jorunn Ospedal Vallestad og Gøransen Johansen

Tittel: Besøksstrategi- Verneområde i Nærøyfjordområdet

Framsidefoto: Gøransen Johansen

Innhald

1. Innleiing	04
1.1 Føremål	06
1.2 Kort om rammeverket	06
1.2.1 Naturmangfaldlova	06
1.2.2 Verneforskrift	06
1.2.3 Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden	08
1.2.4 Vestnorsk fjordlandskap på Unesco si verdsarvliste	09
1.2.5 Rettleiar for besøksstrategi	10
1.2.6 Arbeidsfordeling besøksforvaltning	11
2. Kunnskapsgrunnlaget	12
2.1 Naturverdiar	13
2.2 Kulturlandskap og landbruk	20
2.3 Kulturminne og kulturmiljø	20
2.4 Reiselivet	22
2.5 Den besøkjande	25
2.6 Anna relevant kunnskap	29
2.7 Samanstilling og situasjonsanalyse av kunnskapen	31
3. Visjon, mål og strategiske grep	38
3.1 Mål for besøksforvaltninga	38
3.2 Strategiske grep	38
3.2.1 Mål 1	39
3.2.2 Mål 2	44
3.2.3 Mål 3	46
4. Tiltaksplan	49
5. Kjelder	54

1. Innleiing


Verneområda i Nærøyfjordområdet har ein usedvanleg vill og dramatisk natur, frå fjord til bratte, skogkledde lier, høge fjell og med mange fossefall. Ingen stader i verda finn ein eit vakkert og geologisk meir fullkome fjordlandskap. Difor har desse verneområda plass på verdsarvlista. Kombinert med kulturminne og eit aktivt skjøtta kulturlandskap har dette gjort området til eit populært turistmål. Dei mange besøkjande gir moglegheit for lokal verdiskaping, men også utfordringar knytt til å ta vare på natur- og kulturverdiane.

Besøksstrategien er utarbeida av Nærøyfjorden verneområdestyre som eit verktøy for å forvalte verneområda på ein strategisk og god måte. Den skisserer ein plan for tilrettelegging, styring av ferdsel, kunnskapsformidling og informasjon til besøkjande.

Besøksstrategien skal søke å finne ein balanse mellom å ta vare på verneverdiane, gje gode opplevelingar for besøkjande og leggje til rette for lokal verdiskaping. Den skal nyttast som ein framtidsretta strategi for fornying og vekst i bygdene. I planen blir det mellom anna sett på kva delar av verneområda som kan leggjast til rette for auka aktivitet, og korleis vi kan styre ferdsel utanom dei mest sårbare områda.

Besøksstrategien for verneområda i Nærøyfjordområdet er eit vedlegg til Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, og omfattar følgjande verneområde:

- Nærøyfjorden landskapsvernombord
- Bleia-Storebotnen landskapsvernombord
- Grånosmyrane naturreservat
- Nordheimsdalens naturreservat
- Bleia naturreservat



Landskapsvernområde



Del av Nærøyfjorden Verdsarvområde utanfor verneområde



Naturreservat



Kommunegrense

Figur 1. Verneområda som planen omfattar. Kjelde: Fylkesatlas.

1.1 Føremål

Føremålet med å utarbeida ein besøksstrategi er å få ei samla besøksforvaltning for verneområda i Nærøyfjordområdet. I besøksforvaltninga skal ein sikra at natur- og kulturverdiane i verneområda blir tatt vare på, samtidig som ein oppfordrar til landbruksdrift og legg til rette for friluftsliv. Det skal vidare leggjast vekt på ei betre oppleveling for dei besøkjande i verneområda. Samla sett kan dette gje auka moglegheit for lokal verdiskaping i og rundt verneområda.

1.2 Kort om rammeverket

Verneforskriftene, naturmangfaldlova, forvaltningsplanen og ei rekke aktørar legg rammer for kva strategi forvaltninga kan leggja, og kva tiltak som kan gjennomførast.

1.2.1 Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova er ei overordna lov om forvaltning av mangfaldet i naturen. Føremålsparagrafen i lova er eit grunnleggjande prinsipp som har verknad for besøksstrategien.

§ 1.(Lovens formål)

Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.

I tillegg skal miljørettsprinsippa §§ 8–12 leggjast til grunn når tiltak skal vurderast.

1.2.2 Verneforskrift

Verneforskriftene er det regelverket som er styrande for besøksstrategien. Forskrifta legg klare føringar for kva tiltak som kan gjennomførast i verneområda. Det ligg klare restriksjonar på byggeaktivitet og inngrep. Det er klare restriksjonar på motorferdsel og reglar for ferdsel i områda. Føremålsparagrafane er førande for besøksstrategien.

§ 2 Føremål

Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter.

Forskrift om vern av Bleia-Storebotnen landskapsvernombordet

§ 2 Føremål

Føremålet med Bleia-Storebotnen landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell. Her utgjer breisen si forming av det gamle slettelandet og fjordlandskapet med ein variert vegetasjon og fauna med villrein ein vesentleg del av landskapets karakter.

Forskrift om vern av Bleia naturreservat

§ 2 Føremål

*Føremålet med fredinga er å sikre ein lokalitet med urvalmue (*Papaver radicatum ssp. relictum*) av særleg vitskapleg verdi og eit særmerkt fjordlandskap sin kvartærgeologi med uvanleg storskala ravinar og fjellryggar, og med eit botanisk og urskogprega verdfullt område frå fjord til høgfjell.*

Forskrift om vern av Nordheimsdalens naturreservat

Punkt III Føremål

Formålet med fredinga er å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvalitetar kan nemnast at området utgjer eit intakt nedbørssfelt med ein skoggradient frå fjøre til fjell, og som har eit uvanleg stort mangfold av ulike furuskogtypar som høyrer heime i dei indre fjordstroka, til dels med eit urskogpreg som truleg er det sterkeste ein finn på Vestlandet.

Forskrift om vern av Grånosmyrane naturreservat

Punkt II Føremål

Føremålet er å freda eit fjell- og våtmarksområde med hekkefunksjonar for eit rikt og sårbart fugleliv.

For alle verneområda gjeld at allmennheten skal kunne ha naturopplevelinger gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging. I naturreservata er det fleire restriksjonar på ferdsel enn i landskapsvernombordet. Organisert ferdsel og arrangement er forbode i alle naturreservata, men i Bleia naturreservat gjeld dette forbodet berre i inste Drøfta. Det er forbod mot telting i hekkesesongen for fuglar i Grånosmyrane naturreservat.

1.2.3 Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden

Forvaltningsplan for verneområde i Nærøyfjorden er utarbeidd som eit plandokument for verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap (VNF), delområde Nærøyfjorden, der verneområda er ein viktig del av planen.

Forvaltningsplanen (rapport nr. 1-2008) er eit viktig bakgrunnsdokument for besøksstrategien. I forvaltningsplanen er reiseliv og friluftsliv omtalt i eigne kapittel der problemstillingar rundt bruk og vern er diskutert. Det er sett forvaltningsmål og retningslinjer for ulike tema som er viktige å ta omsyn til i besøksstrategien:

- Friluftslivet i verneområdet skal skje innanfor norske friluftstradisjonar, med eit allsidig og enkelt friluftsliv.
- Ferdsel bør kanaliserast utanom dei mest sårbare lokalitetane. Ny tilrettelegging for ferdsel i villmarksprega område blir ikkje tilrådd.
- Kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på for framtida. I konkrete tilfelle skal det vurderast om kulturminna skal få «ligge i fred» og evt. gro til med vegetasjon som vil ha ei skjermande effekt, eller om dei skal sikrast, restaurerast og/eller tilretteleggjast for bruk og oppleveling. Ferslevegane i landskapet er òg kulturminne. Vegane har gjennom tidene blitt utbetra, endra og lagt om, men kan i mange tilfelle reknast blant dei eldste kulturminna i landskapet.
- Reiselivet i Nærøyfjordområdet skal ikkje føre til skade eller ulempe for natur-, kultur- og landskapsverdiane i området.
- Eksisterande infrastruktur på sjø og land er viktig for at mange skal få ei positiv oppleveling av fjordlandskapet.

I forvaltningsplanen er det informasjon om villmarksprega natur i Nærøyfjordområdet. Dette er definert som område som ligg meir enn 5 km frå nærmeste inngrep som vegar, kraftlinjer og fast busetnad. I Nærøyfjordområdet gjeld det følgjande område:

- Grindafletane og Skammadalshøgdene mot Steganosi (ca. 60 km²)
- Bleia/Storebotn (ca. 3 km²)
- Ved Sagelvi i Nærøyfjorden (ca. 1 km²)

Det er T-merkt turløype gjennom området ved Grindafletene og ei turisthytte og sikringshytte på Grindafletane.

I forvaltningsplanen frå 2008 er eit utvida område rundt villmarksprega område definert som vernesone. Innanfor desse områda finst det mange kulturminne og kulturmiljø knytt til fangstanlegg og dyregravrer for rein. Desse områda er i tillegg viktige for å kunne oppleve fråvær av motorstøy. I forvaltningsplanen er det sett som mål å unngå nye inngrep i desse områda, og det bør vera ein restriktiv praksis for å gje dispensasjonar til motorisert ferdsel.

1.2.4 Vestnorsk fjordlandskap på Unesco si verdsarvliste

Vestnorsk fjordlandskap med delområdet Nærøyfjorden er på Unesco si verdsarvliste. Verdsarvområdet omfattar same område som verneområda, men i tillegg omfattar det busette område og Aurlandsfjorden. Det verna området utgjer omlag 96 % av verdsarvområdet.

Verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap er einaste naturarvområde i Noreg som er på Unesco si liste over verdas natur- og kulturarv.

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap har utarbeidd eit prinsippdokument for besøksforvaltning som ein samfunnsplan i kommunane som har areal i verdsarvområdet med innfallsportar. Denne planen er eit viktig kunnskapsgrunnlag for besøksstrategien. I prinsippdokumentet for besøksforvaltning er visjonen formulert slik: "Gode møte – med berekraftig besøksforvaltning".

Verdsarvrådet har utarbeidd ein formidlingsplan med utgangspunkt i forvaltningsplanen. Denne planen er det vedtatt at skal reviderast.

Stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark har gjort eit omfattande arbeid med skilting og merking i samsvar med denne planen, ein del av det i samarbeid med verneområdeforvaltninga.

1.2.5 Rettleiar for besøksstrategi

Nasjonalparkar og større verneområde i Noreg som blir forvalta av eit styre, skal ha utarbeidd besøksstrategi for området innan 2020. Miljødirektoratet har utarbeidd ein rettleiar for besøksforvaltning i norske verneområde. I rettleiaren er det sagt korleis forvaltningsmyndigheita skal bruka besøksforvaltning som verktøy i ein strategisk og god forvaltning av verneområda for at opplevinga for dei besøkjande og den lokale verdiskapinga skal bli størst mogleg, samtidig som forståinga for vernet aukar og verneverdiane vert ivaretatt.

Merkevarestrategien for verneområda i Noreg skal takast i bruk i alle verneområde. Den nasjonale målsetjinga for merkevarestrategien er fleire besøkjande, større verdiskaping og god forvaltning av naturverdiane. Det skal vera ein felles visuell profil for alle aktørane under merket. Det skal vera høg kvalitet på informasjon og tilretteleggjring.

Det skal definerast innfallsportar til verneområda. Dette omfattar utsiktspunkt, startpunkt og informasjonspunkt, som inneber ulik grad av tilrettelegging. Den nasjonale merkevareprofilen skal nyttast i innfallsportane som vert prioritert, og i verneområdet.

Tradisjonelt er innfallsportar definert som stader der dei besøkjande set frå seg bilen og går inn i området. Men ein innfallsport kan omfatta mykje meir, både informasjon, utsikt og aktivitet i randsona av sjølve området.

Innfallsportar kan innehalde ein eller fleire av følgjande tilretteleggjingga tiltak.

Informasjonspunkt skal formidla utandørs informasjon om verneområda. Det skal vera på stader det er naturleg i stoppa, ikkje punkt med berre informasjonstavle. Det kan vera aktuelt med samlokalisering ved vegbom, fin utsikt, parkeringsanlegg eller andre serviceanlegg som er retta mot vegfarande. Det treng ikkje vera i nær tilknyting til verneområde.

Informasjonspunkt skal ha fylgjande innhold:

- *Skilt eller tavler jf. skiltstandard*
- *Evt. benkar*
- *Informasjon om verneområdet*
- *Informasjon avklart i informasjonsplan*
- *Ev. samlokalisering med andre informantar*

Startpunkt kan vera staden der vandring inn i verneområdet startar. Det skal etablerast ved parkering i tilknyting til etablerte turstiar, og der det er naturleg for besøkjande å starte turen. Det skal ligge nær grensa til verneområdet.

Startpunkt skal ha fylgjande innhald:

- *Skilt eller tavler i enden av ein veg, eller der stien startar frå veg.*
- *Informasjon retta mot turgåurar*

Utsiktpunkt har det høgaste nivået på tilrettelegging for ein innfallsport.

Utsiktpunkta skal gje innsyn inn i verneområda. Utsiktpunkt skal berre etablerast i verneområde med høgt besøkstal og høg attraksjonsverdi.

Nærøyfjorden landskapsvernombordet er eitt av verneområda i Noreg med høgast besøkstal. Det er difor aktuelt med etablering av eitt eller fleire utsiktpunkt i dette området. Det skal gje eit breitt tilbod til alle grupper av besøkjande, og utsiktpunktet skal vera ein attraksjon og eit besøksmål i seg sjølv.

Utsiktpunkta skal ha fylgjande innhald:

- *Parkeringsareal for minimum 70 bilar*
- *Det bør leggjast til rette for naturrettleiing*
- *Tilgang til toalettfasilitetar og universell utforming*
- *Lokalsamfunnet skal involverast for å leggje til rette for god verdiskaping*
- *Strategi for lokal verdiskaping – landbruk, reiseliv og anna næring*
- *Informasjonssenter med moglegheit for næringsaktivitet*
- *Næring, lokale produkt (mat og opplevingar), prioritera naturbasert reiseliv*

1.2.6 Arbeidsfordeling besøksforvaltning

Ein god besøksforvalting for verneområda krev at reiselivet, Verdsarvadministrasjonen, verneområdeforvaltninga og kommunane samhandlar og har god kommunikasjon seg imellom og med grunneigarar og lokalbefolkinga. For at vi skal lykkast med god besøksforvaltning må alle bidra, og vi må ha møteplassar og nettverk for samkøyring av strategiar og tiltak. Samanhengen mellom bruken av områda utanfor og innanfor verneområda er svært viktig. Ein kommunikasjonsplan skal klargjera korleis verne- og verdsarvverdiane skal formidlast på best mogleg måte, og kven som skal gjennomføra formidlinga.

Viktige ansvarsområde til sentrale aktørar i arbeidet med besøksstrategien:

Verneområdeforvaltninga har forvalningsansvaret for verneområda i Nærøyfjordområdet og har det overordna ansvaret for arbeidet med besøksstrategien. Styret arbeider i hovudsak med forhold knytt til besøk som påverkar verneføremåla for verneområda gjennom forvaltning av verneforskrift og forvaltningsplan, tilrettelegging og formidling. Besøksstrategien er verneområdestyret sitt konkrete og målretta forvaltningsverktøy.

Statens Naturoppsyn fører kontroll med verneforskriftene, utfører skjøtsel etter avtale og driv generelt opplysningsarbeid.

Kommunane har forvaltningsmynde etter fleire lovar, både innanfor og utanfor verneområda. Kommunane kan mellom anna lage eigne forskrifter for ferdsel. Dei vil vere viktige planmynde når det gjeld infrastruktur som parkering, toalett og avfallshandtering i innfallsportar til verneområda, og ein viktig medspelar med omsyn til samfinansiering av tiltak.

Nærøyfjorden Verdsarvparker ei stifting som har til føremål å koordinera og samordna den samla innsatsen i høve verdsarvstatusen for Nærøyfjordområdet. Hovudsatsingsområda er knytt til primærnæringane, natur- og kulturbasert næringsutvikling, stadformidling, vertskapsutvikling og læring, skjøtsel av kulturminne og kulturlandskap, tilrettelegging for ferdsel, samt styrking av felles identitet og merkevare. I arbeidet med besøksforvaltning har Nærøyfjorden Verdsarvpark ei viktig rolle når det gjeld berekraftig næringsutvikling og formidling av verdsarvverdiane.

Grunneigarane er ein viktig samarbeidspart i besøksforvaltninga. Det er dei som kan gje løyve til tiltak på privat grunn, og som skjøttar mykje av kulturlandskapet. Det er derfor viktig å involvere grunneigar i ein tidleg fase av planlegginga.

Reiselivet har lange tradisjonar med tilrettelegging for kommersielle produkt for besøkjande i området. Den kommersielle aktiviteten går i stor grad føre seg i ytterkant av landskapsvernombrådet, både på sjø og land. I besøksforvaltninga er det viktig med eit godt samarbeid med reiselivet når det gjeld produktutvikling og marknadsføring. Det er utarbeida ein eigen rapport som omhandlar berekraftig reiseliv: «Mot et bærekraftig reiseliv – Veikart fra reiselivsnæringen i Norge». Dette vil vere eit viktig styringsdokument for reiselivet.

2. Kunnskapsgrunnlaget

Eit viktig grunnlag for utarbeiding av besøksstrategien er kunnskap om verneverdiane, reiselivsnæringa og dei besøkjande. I tillegg til dei store naturverdiane i området er kulturlandskapet ein del av verneføremålet. Tradisjonell landbruksdrift er viktig og avgjerande for å ta vare på det gamle jordbrukskulturlandskapet, og kunnskapen om landbruksnæringa vil vera eit viktig kunnskapsgrunnlag.

Kunnskapsgrunnlaget vil bli samla og presentert på Fylkesatlas. Det vil vera eit viktig verktøy i møte med ulike brukargrupper for å sjå potensiale for bruk og vern av områda.

Det er innhenta mykje god kunnskap gjennom gjesteundersøking, verdiskaping frå ulike typar reiseliv, ressurskartlegging på bygdemøte, landskapsanalyse og samhandling med lokal og regional forvaltning. Gjennom desse rapportane og undersøkingane har vi ei grov oversikt over arealbruk og utfordringar der det er trong for tiltak.

Nærøyfjorden og stredene langs fjorden er det området innanfor verneområda som har dei høgaste besøkstala og størst belastning på naturverdiane. Det kjem fram i forvaltningsplanen, i utkastet til landskapsanalyse, gjennom utførte gjesteundersøkingar og innspel på bygdemøte.

2.1 Naturverdiar

Geologi

Vestnorsk fjordlandskap med Nærøyfjorden og Geirangerfjorden er dei best bevarte heilskaplege fjordområda i landet. Det var det framifrå inntrykksterke og storforma landskapet med aktive geologiske prosessar som var grunnlaget for nominering som naturarv på Unesco si verdsarvliste. Landskapet er eit ungt og geologisk aktivt, glasialt landskap. Både fjordane sjølve og sidedalar utgjer gode døme på typiske isbreforma u-dalar. Dei bratte fjordliene gjev rike moglegheiter for å studera kvartærgeologiske fenomen som faste skredfar og raskjegler, og årvisse snøskred. Innanfor verneområda er det både større brear og mindre snøfonner. Dei største breane er Fresvikbreen og Syrdalsbreen.

Vassdrag som renn frå fjell til fjord utan inngrep, gjev store naturopplevingar. I heile Nærøyfjorden kastar 25 fossar seg utfor. Store fossar som Sivlefossen, Stalheimsfossen, Kjelfossen og Sagelvi er kjende attraksjonar.

Sårbare naturtypar

I Bleia naturreservat er det ein lokalitet med urvalmue i Insta Dryfta. Urvalmuen veks på rasmek med ustabil rasmasse. Området er svært sårbart for ferdsel, og det er forbod mot organisert ferdsel i dette området.

Fossesprøytsona er registrert nær Stalheimsfossen og Sivlefossen. Tilrettelegging i fosserommet kan skade naturtypen. I sårbarheitsanalysen som er gjennomført for stien til Sivlefossen, vart det peika på høg sårbarheit i fossesprøytsona. Ferdsel må derfor kanaliserast utanfor fossesprøytsona.

Myrområde ved Vassete er sårbart for ferdsel. Auka ferdsel har ført til slitasje på stien og i våte myrparti. Det er gjort tiltak på stien for å avgrensa skade på naturen. Ferdselen her har auka kraftig med organiserte turar frå ulike firma som har guida turar frå Dyrdal til Breidskrednosi, og turar frå Bakka til Breidskrednosi og Dyrdal.

Edellauvskog som naturtype kan vera sårbart for ferdsel. I Nærøyfjorden landskapsvernombanen er det fleire registrerte lokalitetar med edellauvskog, men det er i hovudsak ikkje tilrettelagte stiar i desse områda, og det er lite ferdsel.

I naturreservata Bleia og Nordheimsdal er det gammal furuskog med urskogpreg. Dette er område som har eit rikt biologisk mangfald, og som kan vere sårbare for ferdsel utanom stiane. Fare for skogbrann ved uforsiktig bålfyring kan vere ei anna utfordring.

Grånosmyrane er eit våtmarksområde med hekkeområde for både vadefuglar og sporvefuglar. Hekketida er den tida fuglane er mest sårbar for ferdsel. Det er forbod mot telting og camping i Grånosmyrane i tidsrommet frå 1. juni til 1. august. Det bør ikkje tilretteleggjast med nye turstiar i dette området.


Eksisterande sti går heilt i ytterkanten av naturreservatet og har til no ikkje ført til synleg skade på natur eller artar. Utviklinga her bør følgjast opp dersom besøkstala i området aukar.

Natur- og kulturlandskap langs fjorden

Det er gjennomført sårbarheitsanalyse for ilandstigningsplassane i Nærøyfjorden (NINA-rapport 2018). Generelt er lokalitetane langs fjorden vurdert som bestående av robust vegetasjon. Områda er i hovudsak dominert av trakksterk grasvegetasjon og naken strandsone. Her og der innanfor del-lokalitetar er det mindre areal som slår ut som sensitive, og fleire av desse ligg sentralt i lokalitetane. Ved auka ferdsel kan dette gje synlege trakkskader, spesielt der det er blautt.

Opp til Odnesfossen er det ei bratt skrånning som har erosjonsskade etter mykje ferdsel. I tillegg er det eit par stader, blant anna på Klungrenes, der det er nake berg med noko vegetasjon som er utsett for slitasje dersom det blir auka ferdsel og bålbrenning. Der det blir sett opp utedo eller andre fasilitetar vil ferdselet bli kanalisert, noko som kan gi auka trakkskader på vegetasjonen langs korte strekk.

Over lengre tid har det vore problem med omsyn til erosjon og utvasking langs Nærøyfjorden. Nærøyfjorden verneområdestyre ga UNI Research Polytec i oppdrag å kartleggja årsakene til erosjon, slik at ein kan vurdera reglar som hindrar vidare utvasking av strandsona i Nærøyfjorden.




Figur 2. Kartet synar dei områda som er mest utsett for erosjon, i raudt. Observasjonar på land vart gjort på Bakka og Salthella. Kjelde: Uni Research Polytec – Rapport, Erosjon fra skipsbølger – Nærøyfjorden landskapsvernombraude.

Rapporten konkluderer med:

- Erosjon og utvasking av murer langs fjorden er et betydelig problem i Nærøyfjorden.
- Naturlig forekommende bølger (vindbølger) gir ikke et signifikant bidrag til erosjon og utvasking i Nærøyfjorden.
- Ingen av båttypene som er observert gir eroderende sjø ved Bakka/Bleiklindi når fartsbegrensingen overholdes.
- Vi har observert at fartsbegrensningen ikke overholdes (det sakkes av for sent), men kan bare i begrenset grad dokumentere dette fordi ikke alle fartøyer har AIS
- Båter med katamaranskrog gir svært mye eroderende bølger ved Salthella. Dette skyldes bølger som er dannet langt ute i fjorden. Dette er svært tydelig med katamaranskrog, det er usikkert hvorvidt dette også gjelder andre båttyper

Det er også utfordringar med erosjon andre stader enn i Nærøyfjorden, men dette er ikke kartlagt, med unntak av Stokko der SNO har hatt nokre målepunkt.



Figur 3: Viktige naturverdiar, utvalde naturtypar og trua artar i verneområda.

Kjelde:Fylkesatlas

Sårbare artar

Fuglar

Freda rovfugl er registrert i området. Desse registreringane er ikkje offentlege opplysningar. Områda som vert nytta av rovfuglar, ligg for det meste utilgjengeleg til og vil i liten grad bli påverka av vanleg ferdsel på stiar. Rovfuglar, spesielt havørn, kan likevel verte forstyrra av båttrafikk og motorferdsel. Tilsvarande kan næringssøkande teist og skarv bli uroa av ein stadig aukande motorisert trafikk på fjorden.

Forvaltninga må vera merksam på ny aktivitet som klatring og tilrettelegging for opplevelingar i nærleiken av hekkeområde for rovfugl, jf. tal som viser auka trafikk dei seinare åra.

Hjortedyr

Hjortedyr som hjort og elg finst i store deler av området. Dette er artar med stor tilpassingsevne, men som kan bli forstyrra av ferdsel, spesielt i kalvingstida i mai og juni. Det er derfor viktig for hjortedyra med område utan mykje tilrettelegging og ferdsel.

Villrein er ein art som er sårbar for ferdsel, særleg i viktige funksjonsområde som kalvingsområde og trekkområde mellom beiteområde. Etablerte stiar som kjem inn i villreinområde, finst i Bleia-Storebotnen (Nordfjella villreinområde), Undredalshalvøya (Raudafjell) og i fjellområdet nordvest for Nærøyfjorden (Fjellheimen villreinområde). Ferdsel på vinteren bør ikkje koma i konflikt med beiteområde og trekkområde for villrein.


I Nordfjella villreinområde sone 1 vart den smittsame sjukdomen skrantesjuke (CWD) påvist i 2016. For å unngå spreiling til andre område er villrein i denne sona av villreinområdet utrydda. Dette omfattar Bleia-Storebotnen landskapsvernområde, Nærøyfjorden landskapsvernområde på nordsida av Aurlandsfjorden og Nordheimsdalen naturreservat. Området skal framleis forvaltast som eit villreinområde, og etter planen skal villrein reetablerast frå år 2024.

I fjellområdet mellom Nærøyfjorden og Jordalen/Vik er det stiar og skiløyper som kjem inn i Fjellheimen villreinområde. Stiar inn i dette området er frå Jordalen til Bakkanosi, frå Bakka til Breidalen og Dyrdal, stølsvegane frå Dyrdal, og frå Fresvik mot Fresvik-Jordalen.

Fjellryggane mot Gudvangen og Nærøyfjorden har vegetasjon med lav og er viktige funksjonsområde for villrein på ettermiddagen og våren. Spesielt viktig trekkområde er det tronge Lyngskardet. Her er det gamle fangstanlegg som viser at villreinen har brukt området i lang tid. Dette området vert også i dag nytta av villreinen. Vinterbeite er ein minimumsfaktor for villreinen i Fjellheimen, og desse lavryggane er essensielle for overlevinga til villreinen. I sårbarheitsvurderinga for området Jordalen – Bakkanosi, er dette området markert som sårbart for ferdsel på ettermiddagen og våren. Det er registrert ein auke i ferdelsen i dette området både sommar og vinter. Det vil derfor vere viktig å følgje utviklinga og gje god informasjon om reinstamma til dei besøkjande.

Ferdsel på sommaren har mindre å sei for villreinen, då det er rikeleg tilgang på sommarbeite i heile villreinområdet. Det bør likevel gjerast ei vurdering av kor sårbar reinen er for ferdsel om sommaren, særleg i kjerneområde som er mykje nytta av rein, og i område med bre og snøfonner dyra nyttar til nedkjøling.

I Raudafjell har villreinen etablert seg att etter å ha vore borte frå området sidan 1960-talet. Ferdelsen i dag er liten og difor lite forstyrrande på villreinen. Villreinen er mest sårbar for ferdsel på vinteren. I randområda frå Mjølfjell og Oppheim er det aktivitet med oppkøyring av skiløyper ved fleire hytteområde. Det er derfor viktig at ein her fylgjer utviklinga. Eventuell ny tilrettelegging av løyper i dette området bør avklarast i sti- og løypeplan for Voss herad som er under arbeid.



DOK Villrein leveområde, grense

N DOK Villrein leveområde, grense

DOK Villrein trekkområde

Z DOK Villrein trekkområde

DOK Villrein trekkeveg

N DOK Villrein trekkeveg

DOK Villrein kalvingsområde

X DOK Villrein kalvingsområde

DOK Villrein sommarbeite

■ DOK Villrein sommarbeite

DOK Villrein vinterbeite

□ DOK Villrein vinterbeite

DOK Villrein barmarksbeite

■■■ DOK Villrein barmarksbeite

- - - Kommunegrense

— Landskapsvernombord/naturreservat

Figur 4: Villreinens bruk i Fjellheimen og Nordfjella. Kjelde: Fylkesatlas



Figur 5. Villrein, Raudafjell. Kjelde: Regional plan for Nordfjella.

Sjøpattedyr

Aurlandsfjorden og Nærøyfjorden er viktige leve- og næringsområde for steinkobbekolonien i Indre Sogn. Ved førre telling som blei utført av Havforskningsinstituttet i 2018, vart det berre observert 30 steinkobber, mot 119 i 2014. Denne nedgangen kan ha samanheng med auka turisme. Viss selen ofte blir skremt og forstyrra på ligge- og kastepllassane (fødeområde), vil det kunne ha negative effektar på bestanden.

2.2 Kulturlandskap og landbruk

Aktivt landbruk er viktig i begge landskapsvernområda. Det er viktige beiteområde i alle verneområda. Største utfordringa med ferdsel i beiteområda er tilgrising med søppel og avføring, noko som også fører til fare for spreiing av sjukdom. I tillegg er det ei utfordring at grinder ikkje vert lukka, eller at grinder som skal vera opne, vert lukka, og at beitedyr vert jaga av lause hundar eller fylgjer etter folk ned att frå beite. Tilrettelegging og styring av ferdsel må avklarast med grunneigarane før det blir sett i verk tiltak.


Langs fjordane blir mykje innmarksbeite og slåttemark nytta som ilandstigningsplassar for padlarar. Den store auken av kajakkpadlarar på fjorden og leirplassar langs fjorden er til stor ulempe for landbruksdrifta på Stokko i Aurlandsfjorden og langs postvegen i Nærøyfjorden. Slåtte- og beitemark vert ureina av søppel og avføring.

2.3 Kulturminne og kulturmiljø

Det meste av landskapet er rikt på kulturminne, med kulturlandskap langs fjorden og i stølsdalar. Det er kulturminne som fangstanlegg i store deler av fjellområda.

Det er laga ein restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap som omfattar bygningar i verdsarvområde både i og utanfor verneområda. Planen omfattar berre bygningar i Aurland kommune med eit unntak for Sivlesøy, som ligg i Voss kommune. Det er ikkje registrert verneverdige ståande bygningar i den delen av verdsarvområdet som ligg i kommunane Vik og Lærdal.

I Forvaltningsplanen for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, er gardstun og bygningsmiljøa på Styvi, Nedbergo, Stigen, Skogane, Bakka, Tufto, Dyrdal og Undredal framheva og rekna for å vere av særskild verdi. Dessutan er husmannsplassen Nåli og Solbjørgo nemnde, men her er det berre murar etter bygningar i dag.



Figur 6. Kulturminne og kulturlandskap. Kjelde: Fylkesatlas.

2.4 Reiselivet

"Et bærekraftig reiseliv forutsetter at vi tar vare på natur- og kulturverdiene, styrker de sosiale verdiene, får fram stoltheten i lokalsamfunnene og utvikler nye arbeidsplasser, samt sikrer en verdiskaping som gjør reiselivet økonomisk levedyktig. Perspektivet er langsigkt: Den naturen vi har i dag skal også kunne nytes av framtidige generasjoner, og det er vår jobb å sikre at den fremdeles er like vakker, spektakulær og levedyktig når det er våre barn og barnebarn sin tur til å bruke den".

jf. Vegkart reiseliv-utviklingstrender mot et bærekraftig reiseliv.

Besøkstal

Verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap er blant dei mest besøkte reisemåla i landet. Området er lett tilgjengeleg for reisande frå andre store turistdestinasjonar, som til dømes Bergen og Oslo. Flåm og Voss er utan tvil dei største destinasjonane i dette området, og trekkjer mange besøkjande inn i verneområda. Det er forventa ein vekst i besøkjande på 60 % fram mot 2030 (Menon). Tal frå Statistisk Sentralbyrå om besøkstal frå januar til juli i 2019, viser fleire turistar samanlikna med same periode i 2018.

Veksten i besøkjande er størst på Vestlandet, med 7,1 % samanlikna med 2018. Tala viser auke av turistar frå Noreg og nabolanda Sverige og Danmark, Frankrike, Nederland og Tyskland.

Flåm: Det var ca. 1,4 millionar besøkjande i Flåm i 2017, 90 % av desse er utanlandske, og 40 % er frå Asia. Det er høgst besøkstal i sommarsesongen, men det blir jobba for å strekke skuldersesongen og auke aktiviteten om vinteren. Flåm har mellom anna samarbeid med Myrdalen Fjellandsby om vinterturisme.

Talet på cruiseskip i Flåm i 2018 var 153 (ein auke på nesten 100 anløp frå 1999), med ca. 260 000 passasjerar, og av dei var ca. 95 % i land. I 2019 var det 158 anløp, medan talet på anløp i Flåm er forventa å synke i perioden 2020–2022 på grunn av ny forskrift med strengare regulering av utslepp i verdsarvfjordane, jf. tal frå Aurland Hamnevesen. Talet på passasjerar er ikkje forventa å gå ned i takt med reduksjonen av anløp, då nye skip som tilfredsstiller dei nye krava, ofte tek fleire passasjerar.

Flåmsbana frakta i 2017 nær 1 000 000 reisande. The Fjords hadde ca. 580 000 som løyste billett på ferjene, mellom anna på Vision of the Fjords og Future of the Fjords, som er hybrid og heilelektrisk.

Vik: Vik hadde 12 anløp i 2018, med nærmere 6000 passasjerar fordelt på 39 nasjonalitetar (jf. tal frå Aurland Hamnevesen). I 2019 var talet på anløp auka til 19, og for 2020 er det venta 28 anløp. Dette talet er venta å stige på grunn av dei strengare reguleringane i verdsarvfjordane.

Lærdal og Aurland: Rundt 100.000 overnatta i Lærdal og ca. 150.000 i Aurland i 2015 (TØI).

Voss: Voss hadde ca. 340 000 gjestedøgn i 2017 (TØI). På Voss er det heilårsturisme. På årsbasis er fordelinga mellom norske og utanlandske turistar 50/50, men delen av utanlandske turistar er dobbel så høg om sommaren som om vinteren.

Småskala reiseliv

Småskala og opplevingsbasert reiseliv er ofte tilpassa landskap og lokale føresetnader på ein mykje meir smidig måte enn det store operatørselskap kan tilby. Mindre verksemder som utnyttar opplevingspotensialet i Nærøyfjordområdet er etablert i Aurland og nabokommunane. Mange av opplevingane som vert marknadsførte, er knytt til friluftsliv og lokal kultur- og mattradisjon. Dette kan vere alt frå guida turar på etablerte stiar til aktivitetar som krev tilrettelegging, som til dømes etablering av faste leirplassar, sanitæranlegg osb. Denne koplinga mellom turisme og friluftsliv må sjåast som positiv, men kan skape eit større press på naturen enn det tradisjonelle, enkle friluftslivet. Organisert ferdsel i form av fjellføring er tillate i landskapsvernområda, men må ha særskilt løyve i naturreservata (i Bleia naturreservat berre i Inste Dryfta). Det er uansett viktig at organisert ferdsel vert gjennomført på ein måte som ikkje skadar eller fører til inngrep i naturmiljøet. Det må vere dialog med grunneigarane, slik at ferdelsen ikkje er til ulempe for dei.

Volumturisme

Reiselivet har, med sine nærmere to millionar årleg besøkjande i distriktet, tunge økonomiske interesser i Nærøyfjordområdet. Hovudtyngda av dei reisande nyttar båt, tog, bil og buss.

Opplevingsproduktet "Norway in a Nutshell" er godt innarbeidd i marknaden og ein viktig eksponent for Nærøyfjordområdet. Andre rundreiseprodukt er Go Fjords og Sognefjorden in a Nutshell. Det er fleire turistbåtruter og ferjer som trafikkerer fjordsystemet i heile hovudsesongen (april–oktober), med The Fjords som no går heile året. Besøkjande kan mellom anna oppleve fjordlandskapet med båttur mellom Gudvangen og Kaupanger og mellom Flåm og Gudvangen. Det er og tilbod om busstransport mellom Flåm og Gudvangen for å få ein rundtur. I Gudvangen er vikinglandsbyen Njardarheimr og kajakksenteret Nordic Ventures nye satsingar.

Trendar og satsingsområde.

Auka digitalisering av reiselivet har ført til at verdikjeda har endra seg. Marknaden har vorte meir gjennomsiktig, og forbrukaren har fått meir makt. Samtidig ser vi at ein del av turiststraumen er vanskelegare å styre, mellom anna fordi cruiseskip og yachtar tek med eigne ribbar, syklar og kajakkar. Dette kan føre til mindre verdiskaping for lokale aktørar.

Med eit sterkare globalt fokus på intakt natur, klimagassutslepp og anna ureining, spør eit aukande tal reisande etter dei reisemåla som kan by på rein natur og effektivt vern av natur og kultur (Vegkart reiseliv). Dei lokale destinasjonsselskapene satsar òg meir på sykkel og vandring.

Verdsarvområdet med verneområda blir brukt aktivt i profileringa til destinasjonsselskapene. Både Destinasjon Voss og Visit Sognefjord jobbar med berekraftig destinasjonsutvikling. Dei har kome med innspel om at det bør utviklast eigne konsept, gjerne med eit viktig læringsmoment som kan bli ein føremon i profileringa framover. Destinasjonsselskapene har peika på at det bør vera meir informasjon om kva som er verneverdiane i området, og kva som er særskilt sårbart, t.d. villrein i sårbare periodar.

Auka deling av bilete i sosiale medier gjer at nye turmål dukkar opp og etablerer seg utan at nokon på forhand har hatt ein bevisst plan om marknadsføring og tilrettelegging.

Ny forskrift om endring av forskrift om miljømessig sikkerheit for skip og flyttbare innretningar

Under behandling av Klimameldingen i 2018 fatta Stortinget følgjande vedtak;

«Stortinget ber regjeringen implementere krav og reguleringer til utslepp fra cruiseskip og annen skipstrafikk i turistfjorder samt andre egnede virkemidler for å sørge for innfasing av lav- og nullutslippsløsninger i skipsfarten fram mot 2030, herunder innføre krav om nullutslipp fra turistskip- og ferger i verdensarvfjordene så snart det er teknisk gjennomførbart, og senest innen 2026.»

Den nye forskriften inneber eigne reguleringar om utslepp til luft og sjø i dei norske verdsarvfjordane. Forskrifta inneheld blant anna svovelkrav som i ECA (lavutslippsområde) for heile verdsarvfjordområdet samt strengare krav til NOx-utslepp. Det er forbod mot kloakkutslepp frå cruiseskip, og det er reguleringar for bruk av eksosvaskesystem. Det er i tillegg sett krav om ein miljøinstruks.

Nokre av endringane tredde i kraft 1. januar 2019. Andre endringar blir gradvis innført over fleire år for å gje næringa, lokale myndigheter og andre ein realistisk moglegheit til å omstilla seg og tilpassa seg dei nye krava.

Full effekt av tiltaka er forventa nådd i 2025. Dei nye tiltaka vil bidra til å verne om verdsarvstatusen og samtidig ivareta omsynet til helse og miljø i verdsarvfjordane.

Den nye forskriften kan også føre til ein viss flytting av turiststraumen, då skip som ikkje tilfredsstiller krava, vil sjå etter alternative hamner utanfor

verdsarvområdet. Cruiseskip som anløper Vik i staden for Flåm er eksempel på dette. Eit resultat av dei nye krava kan også vere at fleire vil komme med buss frå andre cruisehamner til verdsarvområdet.

2.5 Den besøkjande

Berekraftig forvalting av natur og kultur inneber at verneverdiane blir tatt vare på, samtidig som det gjev rom for unike opplevingar for dei som besøkjer området, og lokalsamfunna blir styrka. Berekraftig reiseliv som ein integrert del av forvaltinga er nedfelt i «Word Heritage and Sustainable Tourism Programme» (Unesco 2012).

Spørjeundersøking Nærøyfjorden verdsarvområde 2015:

I samband med utarbeiding av besøksforvaltningsplanen for Vestnorsk fjordlandskap iverksett av Verdsarvrådet, gjorde Transportøkonomisk institutt (TØI) i 2015 ei besøksundersøking i området. Rapporten er utarbeidd av Petter Dybedal og Jan Vidar Haukeland.

Spørsmåla er stilt med utgangspunkt i besøk i verdsarvområdet. Det er ikkje spesifisert at det er besøk i verneområde.

- Hovudinntrykket er at korte opphold i området dominerer (mindre enn to timer). Dette har samanheng med rundreise. For cruiseturistane var 72 % meir enn 4 timer i land. Mange er med på arrangement i land, busstur, Flåmsbana og båtturar/rib.
- Det var relativt få som sa at verdsarvstatusen hadde stor betydning for val av reisemål. Det hadde større betydning for utanlandske besøkjande enn for nordmenn.
- Mest kjente attraksjonane i området i undersøkinga var Flåmsbanen (ca. 85%) og fjordcruise Flåm – Gudvangen (ca. 65%). Undredal, Stegasteinen og Stalheim var kjent blant to tredeler. Om lag 50 % av spurte skulle reise med Flåmsbana, mens om lag 37 % skulle oppleva fjordcruise.
- Naturelement som landskapet sin betydning for opplevinga av Nærøyfjorden: landskapsrommet med fjord og fjell hadde størst betydning, fjelltoppar og fjellterrenge vart tillagt vekt i tillegg til elvar og fossar. Strendene langs fjorden hadde mindre betydning. Stille og ro hadde om lag like stor betydning som fjelltoppar og fjellterrenge.
- For nordmenn har strendene litt større betydning, og dei er litt mindre opptatt av stille og ro enn utlendingane. Nordmenn er generelt mindre tilfreds med tilrettelegging av uteområde enn utanlandske.
- Generelt har opplevinga av kulturlandskap lågare skår enn opplevinga av naturen.
- Kørar og trøngt om plassen for buss- og biltrafikk og parkeringsforhold i Flåm får skår 4 av 7 i undersøkinga, og er det folk er minst nøgde med.
- På spørsmål om folk er tilfreds med ivaretaking av verdsarven og informasjon om den, vert forureining frå veg- og båttrafikk vurdert som minst tilfredsstillande.

Brukarundersøking i Nærøyfjorden landskapsvernområde sommar 2018:

I samband med utarbeiding av besøksstrategien vart det gjennomført ei brukarundersøking kor det vart henta inn meir informasjon om dei besøkjande sin bruk av og haldningar til verneområdet. Oslo Economics, i samarbeid med Ole Jakob Sørensen ved Nord universitet, har rammeavtale med Miljødirektoratet om utarbeiding av brukarundersøkingar i verneområda. Denne brukarundersøkinga tok sikte på å kartleggje bruken av området av fotturistar og kajakkpadlarar.

Utdrag frå brukarundersøkinga

"På spørsmål om kva slags tilretteleggingstiltak dei besøkjande meiner er av høgast kvalitet i Nærøyfjorden LVO, blir høve til å parkere ved innfallsportane (5,1) trekt fram som eit tiltak som dei besøkjande meiner er av høg kvalitet (Figur 9-3). Det same gjeld tiltaka enkle teltplassar ved fjorden (5,1) og tydeleg merking av stiane (5,0). Tilretteleggingstiltak som blei vurderte som viktige av dei besøkjande (Figur 9-2), slik som tydeleg stimerking, førekommst av informasjonstavler og skilt ved stikryss, oppnår jamt over høge gjennomsnittsverdiar i vurderingane av kvalitet. Dette indikerer at det er samsvar mellom kva slags tilretteleggingstiltak som blir vurderte som viktige av respondentane, og kva for tilretteleggingstiltak som blir vurderte å vere av høg kvalitet."

"Når ein studerer respondentane sitt syn på dagens tilstand i Nærøyfjorden, viser det seg at majoriteten av respondentane meiner at det er uproblematisk å finne stader der ein kan vere for seg sjølv i Nærøyfjorden (5,6). Likevel er det fleire respondentar som meiner at det er for mykje folk i enkelte område i høgesesongen (4,7). Fleirtalet av respondentane opplever òg at det er for mykje støy frå båttrafikken i området (4,6), og at det er for mykje forureining og røyk frå båtane (4,5). Det er fleire som er ueinige enn einige i påstanden om at bølgjer på fjorden gjer det vanskeleg å padle (3,7). "

"Det er jamt over ein tydeleg motstand mot å mjuke opp vernereglane for å tillate gjennomføring av idrettsarrangement og meir motorisert ferdsel i verneområdet. "

"Svært få synest at det er greitt med droneflyging i områda eg går tur i (2,1). Påstandane om at det bør vere fritt fram for alle fartøy, at det er greitt med vasskuter på fjordane, og at det burde vere lov å bruke helikopter/fly i verneområdet, oppnår alle ein gjennomsnittsscore under 2,0. Dette underbyggjer at dei besøkjande er svært skeptiske til ei oppmjuking av vernereglane som fører til meir motorisert ferdsel i verneområdet."

"Dei besøkjande i Nærøyfjorden viser ei sterk interesse for tradisjonelt turfriluftsliv. Samanlikna med andre norske verneområde viser besøksgruppa også ei relativt stor interesse for moderne friluftslivsaktivitetar. Dette er aktivitetar som stiller større krav til utstyr og ferdigheiter. Dørme på aktivitetar er terrengsykling, klatring, kitting, randonee osv. Den relativt store interessa for moderne friluftslivsaktivitetar kan ha samanheng med at respondentutvalet var nokså ungt. I sjølvregistreringsundersøkinga var i underkant av kvar tredje respondent mellom 25 og 34 år. Vidare hadde dei fleste besøkjande ei viss turerfaring før dei kom til området. 79 prosent av respondentane oppgav at dei tidlegare hadde gjennomført ein fleire dagars fottur eller skitur. Men samanlikna med andre norske verneområde har dei besøkjande i Nærøyfjorden noko mindre turerfaring enn normalt.

Dei fleste besøkjande rapporterer at dei fann den informasjonen om Nærøyfjorden som dei var på utkikk etter. Ein stor del av dei besøkjande skaffar seg informasjon om området før dei kjem til Nærøyfjorden, og internett er utvilsamt den informasjonskjelda som er mest brukt. Dersom forvaltningsorganet skal gi ytterlegare informasjon om området, oppgjev respondentane at dei føretrekker å kunne hente denne informasjon frå internett før dei reiser heimanfrå, eller frå informasjonstavler som er plasserte ved parkeringsplassar og innfallsportar til landskapsvernombordet.

Dei besøkjande har relativt mangefull kunnskap om gjeldande verneregler. Dette er i særleg grad tilfelle blant dei utanlandske besøkjande. Verneområdestyresmakta har i fleire tilfelle peikt på at det å gi strukturert informasjon er eit viktig verkemiddel for å styre ferdselet i området, og for å sikre at friluftslivet blir utøvd i tråd med verneformål. Resultat frå denne brukarundersøkinga peiker mot at dette vil vere viktig også i åra framover. Det er vidare heilt sentralt at informasjon om reglar for bruk av og åtferd i landskapsvernombordet blir gitt på fleire ulike språk."

Overnatting på hytter i verneområda

Den norske turistforeining (DNT) har to hytter i Nærøyfjorden landskapsvernområde, Grindaflethytta med 14 sengeplassar og Jashaugbu med seks sengeplassar.

		2017 O/D	2016 O/D	2015 O/D	2014 O/D	2013 O/D	2012 O/D
Jashaugbu	Vinter						
	Sommer	47/7	43	49			
Grindaflet-hytta	Vinter	181/6	119/9	121/14	167/10	135/23	146/26
	Sommer	331/6	211/19	171/11	249/14	257/8	195/0

Figur 7. viser overnatting og dagsbesøk på hyttene.

O/D: Overnatting/dagsbesøk

Fjellstyret har hytter i Nordheimsdalen naturreservat og i Bleia-Storebotnen landskapsvernområde.

Turlag som har aktivitet i området, er Voss Utferdsdag, Aurland Turlag, Vik Turlag, Lærdal Turlag, Bergen og Hordaland Turlag

Registreringar av besøk - Ferdsteljar.

Slettedalen

I Slettedalen vart det sett opp ein ferdselsteljar av Statens naturoppsyn som var aktiv i perioden 9. juli til 20. august 2018 og frå juni til november 2019. Det kom fram at det i snitt var 94 passeringar per dag i 2018, dvs. i underkant av 50 personar på tur i dalen per dag. Det er ikkje registrert større slitasje på stien, men enkelte stader er stien utslepen, slik at folk spreiar seg ut i breidda. Det var totalt 4048 passerande i tidsrommet.

Rimstigen

I 2018 og 2019 hadde Nærøyfjorden Verdsarvpark ståande ferdselsteljar heilt i byrjinga av Rimstigen. I 2019 var det gjennomsnittleg 49 passeringar per dag, med eit toppunkt på 515. Det vart registrert totalt 5879 passeringar i perioden august til desember 2018.

Brekkestien

15 000 passerande ein veg i perioden juni til oktober 2014.

Stigen

1300 passeringar ein veg i juni til oktober 2014.

2.6 Anna relevant kunnskap

Andre relevante planar


- Kulturminneplan for Aurland kommune 2020–2031 (i sluttfasen hausten 2019)
- Kulturminneplan for Lærdal kommune (vedteken 14.02.2019)
- Kulturminneplan for Vik kommune 2018–2029 (vedteken nov. 2018)
- Kommunedelplan for kulturminne i Voss 2004–2007 (rullering er i gang)
- Kartlegging av friluftsområde i Aurland kommune (ferdig i 2019)
- Kartlegging av friluftsområde i Vik kommune (fagrappport mars 2019)
- Kartlegging av friluftsområde i Voss kommune (i sluttfasen)
- Kartlegging av friluftsområde i Lærdal kommune (under arbeid)
- Kommuneplan – Samfunnssdelen 2018–2027 for Lærdal kommune, (vedteken 13.12.2018)
- Kommuneplanen for nye Voss Herad (under arbeid)
- Regional plan for Nordfjella
- Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde.
- Restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden

Hytter i og rundt verneområda

Vik satsar på meir fortetting, ikkje på nye felt.

Myrkdalén har lagt opp til inntil 3400 einingar, har bygd ca. 500 til no. Voss vil utnytta dei eksisterande felta som ligg i planen.

I Aurland kommune er det lagt til rette for bygging av fritidsbustadar i fjellet og i område knytt til fjorden. I området Aurdalen – Østerbø og Reinunga – Vatnahalsen er det eksisterande fritidsbustadar og regulerte område for fritidsbustader. I tillegg er det etablerte fritidsbustader knytt til mange stølar.



Figur 8. Hytter i og rundt verneområda. Kjelde: Fylkesatlas.

Fylke/ kommune	Tal hytter 2017	Endring (%) 2000-2017	Hytter pr. 100 innb. 2017	Endring (%) 2000-2017
Sogn og Fjordane				
Aurland	278	+50 (+18%)	15,44/100	+3,00 (+19%)
Lærdal	482	-18 (-4%)	22,23/100	-0,48 (-2%)
Høyanger	632	+120 (+19%)	15,16/100	+4,21 (+28%)
Vik	367	+91 (+25%)	13,41/100	+4,10 (+31%)
Hordaland				
Voss	3103	+1117 (+36%)	21,13/100	+6,83 (+32%)
Vaksdal	743	+86 (+12%)	17,95/100	+2,28 (+13%)
Modalen	142	+39 (+27%)	36,81/100	+7,71 (+21%)

Figur 9. Fordeling på kommunar

2.7 Samanstilling og situasjonsanalyse av kunnskapen

Samanstillinga av kunnskapsgrunnlaget skal danne eit meir heilskapleg bilet av den noverande situasjonen. Basert på tilgjengeleg informasjon om natur, artar, kultur og dei besøkjande, skal ein kunne sjå kor presset er størst, og kor det er trond for betre tilrettelegging. Samanstillinga dannar grunnlaget for strategiane og tiltaka.

Dei spesielle landskapskvalitetane må takast vare på. Inngrep skal ikkje redusere naturmangfaldet eller skade kulturlandskapet. Intakt natur skal tilleggjast stor vekt i avgjerder som medfører inngrep. Det vil vere viktig å fylgje med på utviklinga av besøkjande i området, sidan den kan vere ein trussel mot verneverdiane, landbruket og lokalsamfunna.

Innfallssportar

Med busethad, landbruk og eit aktivt reiseliv i området vil det vere trond for omfattande informasjonstiltak, både om naturverdiane og kvifor området er verna, og om ferdselsreglar og framferd i naturen. Det vil og vere trond for informasjon retta mot ålmenta om kva verdi busethad og aktiv landbruksdrift i verneområda har å seie for landskapsbiletet, kulturverdiar og biologisk mangfald. Informasjon bør rette seg mot å unngå konflikt mellom landbruk og ferdsel på innmark og i beiteområde, både i og utanfor verneområda.

Tilrettelegging ved innfallssportane i Vik, Voss, Aurland og Lærdal bør samordnast med eksisterande informasjon om verdsarvområdet der det er naturleg. I Nærøyfjordområdet er det utarbeidd ein rapport med vurdering av aktuelle stadar å plassere eit verdsarvsenter. I tillegg til eit autorisert verdsarvsenter kan det og vera aktuelt å tilretteleggje andre område for formidling av verneverdiane.

Infrastruktur som parkeringsplassar, toalett og avfallshandtering er ei utfordring ved dei fleste innfallssportane.

Ferdsel og friluftsliv

Villrein er ein art som er sårbar for ferdsel, særleg i viktige funksjonsområde som kalvingsområde og trekkområde mellom beiteområde. Etablerte stiar som kjem inn i villreinområde finst i Bleia-Storebotnen (Nordfjella villreinområde), Undredalshalvøya (Raudafjell) og i fjellområdet nord og vest for Nærøyfjorden. Turgåarar i desse områda, både sommar og vinter, må få god informasjon om villrein for å ta naudsynt omsyn.

I fjellområdet nord og vest for Nærøyfjorden er det enkelte fjelltoppar som har utvikla seg til populære turmål. Dette gjeld spesielt Bakkanosi, Breiskrednosi og Skomakernipa. Bakkanosi og Breiskrednosi har eit høgt besøkstal i dag, og det er delvis merkt sti. Det blir vanskeleg å snu denne utviklinga.

Det har komme innspel om at tilrettelegging av sti til Skomakarnipa kan føre til auka trafikk på vinteren som kan vere negativt for villreinen, og vi vil difor ikkje tilrå tilrettelegging og merking av sti her. Meir tilrettelegging i dette området vil òg kunne vere negativt for Legdene, som i dag er eit område med urørt preg.


På grunn av sårbarer naturområde er det forbod mot organisert ferdsel i naturreservata Gånosmyrane, Nordheimsalen og deler av Bleia. Dersom ferdelsen ikkje er i strid med verneverdiane eller verneføremålet, kan det gjevast løyve til organisert ferdsel på dei vanlege stiane i Nordheimsalen.

Organisert ferdsel er tillate i Nærøyfjorden landskapsvernombordet, men i Bleia-Storebotnen landskapsvernombordet må det søkjast om løyve til organisert ferdsel som ikkje gjeld turlag, ideelle lag og foreiningar og undervisning. Dersom turar til fots eller på ski ikkje er til skade på verneverdiar som t.d. villrein, vil det kunne bli gitt løyve til t.d. guida turar for mindre grupper.

Turløyper som blir marknadsført, må vere i ein slik stand som ein forventar når ein les om dei. Stiane må vere skilta, merkt og tilgjengelege/framkomelege. Arrangement bør leggast til områder der det blir tilrettelagt for auka ferdsel.

Stiar som går i område som har sårbare parti:

- gn. Stien i vestenden av Grånosmyrane naturreservat:**
Våtmarksområde, viktig hekkeområde for våtmarksfuglar i juni
- sb. Slettedalen til Bakkanosi:** Myrområde – villreinområde. Viktig funksjonsområde for villrein på ettermiddagen og våren. Infopunkt utanfor verneområdet. Informasjon om villreinen når den er i området. Styra ferdsel med tilrettelagt sti.
- dh. Dyrdal – Hjølmo – Vassete – Breidskrednosi:**
Naturtype myrområde på Vassete, utvida sti.
- bs. Postvegen Bleiklindi – Styvi:**
Parti på stien, ved Odnes og Klongrenes – sårbarheitsanalyse
- bf. Båttrafikk på fjorden:**
Erosjon av strandlinje på Saltheila. Kulturminne langs fjorden
- nd. Nordheimsalen:** Sti gjennom naturreservat
- id. Insta Dryfta:** Ikke tilrettelagt, därleg tilkomst til område sårbar for ferdsel
- st. Storebotnen:** Sti gjennom kalkrike området i fjellet. Sårbart for stor ferdsel p.g.a. lite sliterk vegetasjon. Sluppen - eit utferdsområde i dag, speiselt på vinteren, inn mot Bleia og Jernhetta. Viktig villreinområde, ferdel bør styrast på vinterstid for å unngå konflikt.
- ss. Sti opp langs Stalheimskleiva til Sivlefossen:**
Sårbart for tråkk. Må tilretteleggjast
- jf. Jashaugbu – buførevegen til Fresvik:**
Villreinområde
- sg. Stisystem knytt til Grindaflethytta:**
Villreinområde
- sh. Hovdungo – gapahuk – vidare til Stiganosi:**
Villreinområde




Bruk og tilrettelegging

- | | | | |
|---------------|--|--------------------|--|
| [Color Box 1] | 1 Urørt preg | [Dashed Line] | Turstiar |
| [Color Box 2] | 2 Naturnært preg- enkel tilrettelegging | [Solid Green Line] | Landskapsverneområde/
naturreservat |
| [Color Box 3] | 3 Kulturlandskap- noko tilrettelegging | [Dashed Line] | Strekning utsatt for erosjon og
utvasking |
| [Color Box 4] | 4 Bygder- god tilrettelegging | | |
| [Color Box 5] | 5 Tettstader- særleg god tilrettelegging | | |

Figur 10. Stiar i sårbare parti. Kjelde: Fylkesatlas og Landskasanalyse for Nærøyfjorden.

Stiar i område som er mindre sårbar for ferdsel:

- ml. Undredal - gamlevegen Melhus til Langhuso**
- hm. Undredal - gamlevegen Hjødlo-Melhus**
- sh. Undredal – stien til Hovdungo**
- us. Undredal - Stokko**
- rs. Rimstigen**
- gb. Gamlevegen frå Gudvangen til Bakka**
- ll. Skar - Lægdaskard**
- sn. Stalheim – Nåli**



Bruk og tilrettelegging

- | | |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none"> 1 Urørt preg 2 Naturnært preg-enkel tilrettelegging 3 Kulturlandskap-noko tilrettelegging 4 Bygder-god tilrettelegging 5 Tettstader-særleg god tilrettelegging | <ul style="list-style-type: none"> ----- Tursti — Landskapsverneområde/naturreservat WC Toalett med og uten vatn |
|--|--|

Figur 11. Eksisterande infrastruktur og stiar som er mindre sårbare for ferdsel. Kjelde: Fylkesatlas og landskapsanalyse for Nærøyfjorden.

Ferdsel på og langs fjorden

På Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden er det auka trafikk av fjordcruise, ribb-båtar og vasskuter. Denne auken føre med seg støy, luftforureining, erosjon av strandlinja og kulturminne, og reduserer opplevingsverdien for andre besøkjande i området.

Det er aukande aktivitet på både Nærøyfjorden og Aurlandsfjorden med kajakkar og andre mjuke trafikantar. Dette fører til auka bruk og større press på ilandstigningsplassane. Ein mogleg løysing er å sjå på bruk av omsynssoner i arealdelen til kommuneplanen for å regulere ulike areal langs fjorden.

Sjøfly (i Aurland) gjev auka aktivitet på fjorden. I Nærøyfjorden og deler av Aurlandsfjorden er det forbod mot landing og lågtflyging under 300 meter. Utanom verneområda kan kommunen regulera aktiviteten gjennom omsynssoner i arealdelen til kommuneplanen.

Nærøyfjorden og strendene langs fjorden er det området innanfor verneområda som har dei høgaste besøkstala og størst belastning på naturverdiane. Dei fleste stadene der det er mogleg å gå i land, er det gjerne beitemark eller dyrka mark heilt ned i strandlinja. Eit viktig arbeid er derfor å få tilrettelagt utvalde område for ilandstigning og telting i samarbeid med dei aktuelle grunneigarane i området.

Ferdselen er særleg stor i perioden juni–august. Det bør vurderast om ferdselen på fjorden og på ilandstigningsplassane bør regulerast for å ta vare på verneverdiane og for å sikre at dei som kjem på besøk, får ei unik oppleveling av området. Eventuelle ferdselsreguleringar bør fremme sporlaus og ikkje-motorisert ferdsel.

Sykling

Uorganisert bruk av sykkel er tillate innanfor rammene av friluftslova og verneforskrifta. I friluftsmeldinga Meld. St. 18 (2015-2016) har regjeringa foreslått at det i utgangspunktet skal vere lov å sykle på eksisterande vegar, stiar og køyrespor i nasjonalparkar og landskapsvernområde. Det er ikkje forbod mot sykling i verneområda med unntak av naturreservata Bleia og Nordheimsdalens.

Spesiell tilrettelegging for sykling i landskapsvernområda er ikkje ynskjeleg. Bygging av sykkelstiar skal skje utanom verneområda. El-sykkel er definert som motorisert ferdsel og forbode i utmark i verneområda. Eventuelle konfliktar mellom ferdsel til fots og ferdsel på sykkel bør primært handterast etter friluftsloven.

Kulturlandskap

Kulturlandskapet er ein viktig verneverdi og har stor betydning for opplevinga av området. Eit levande kulturlandskap krev levande bygder og lokalsamfunn. Det vil igjen gje gode opplevingar for dei besøkjande. Buføringsvegar og gamle ferdslevegar er viktige både for landbruket og besøkjande, og det har stor verdi at dei blir haldne ved like.

Arbeid med skjøtsel og vedlikehald av kulturlandskapet vil krevje stor innsats i tida framover. Busetnad og aktiv landbruksdrift er viktig for å oppretthalde kulturlandskapet. Viss det blir fråflytting og nedlegging av landbruksdrift, er

dette ein trussel mot kulturlandskapet.

Det er eit stort press på kulturlandskapet med auka camping i innmarka på ilandstigingsplassane. Ferdelsen bør kanaliserast for å unngå forureining og slitasje og for at både fastbuande og besøkjande skal få gode opplevingar.

Allemannsretten, dvs. fri ferdsel i utmark, vil i dei mest besøkte områda føre til stor slitasje på natur- og kulturlandskap og lokalsamfunn. Det er naudsynt å finne ordningar for kanalisering i verdifulle og sårbare område utan at det går ut over allemannsretten. Dei fleste besøkjande kjem for å oppleve det storslagne fjordlandskapet og den reine naturen. Det levande kulturlandskapet er ein viktig kvalitet når turistar vel å komme hit.

Kulturminne

Kulturminna i verneområda kan vere verdifulle ressursar for ei berekraftig besøksforvaltning. Kulturminna gjev dei som ferdast i området både opplevingar, kunnskap og tilgjenge til verneområdet.

Dei mange vegane og stiane i verneområda er kulturminne som fortel mykje om korleis området har vore brukt, samstundes som dei gjev besøkjande tilgang til området. Ved å bruke eksisterande vegsystem til å gje andre tilgang til området vil ein kunne oppretthalde dei tradisjonelle ferdslivegane samstundes som kulturminna vert tekne vare på. Det er her viktig at ein er merksam på at ikkje alle vegar/stiar i området vil kunne tilfredsstille dei noverande krava til universell utforming og ynskja om oppgradering. For dei kulturhistorisk mest verdifulle vegane/stiane er det særskilt viktig at ei tilrettelegging vert gjort på kulturminnet sine premissar.

Kulturminne blir forringa som fylgje av mindre vedlikehald, påverknad frå ferdsel på land og frå sjøen. Aksnes er per i dag ikkje tilrettelagt som ilandstigingsplass. Murane som kulturminne kan bli øydelagd av for mykje trakk. Det er for dårleg merking av kulturminne, t.d. gravrøysa på Holmo. Det kan i mange tilfelle vere aktuelt å ta i bruk stølshus og andre bygningar i landbruket i samband med småskala reiseliv. Ved ny bruk av bygningar i verneområda, må ein ta utgangspunkt i kva bygget er eigna til, jf. verneforskrifta. Dersom det må gjerast bygningsmessige tilpassingar, må det ikkje redusere den kulturhistoriske verdien til bygget. Ved istandsetjing er det viktig at dei kulturhistoriske verdiane blir tatt vare på på ein god måte. Kommunen er lokal kulturminnemyndighet, og det er viktig med ein god dialog med byggesaksavdelinga dersom ein planlegg endra bruk av kulturminner. Kulturavdelinga hjå fylkeskommunen har òg god kompetanse på dette feltet, og bør koplast på tidleg i planprosessane.

BEVISSTHETEN OM natur- og friluftslivsopplevelser som et unikt reiselivsprodukt skal økes, og næringens ansvar for å ivareta naturen og verneverdiene skal komme klart fram. Dette innebærer at utvikling av nye produkter, og attraksjoner skal ha som grunnleggende prinsipp at de ikke fører til inngrep som forringer natur- og kulturverdiene.

jf. Vegkart reiseliv-utviklingstrenger mot et bærekraftig reiseliv.

3. Visjon, mål og strategiske grep

"Besøksforvaltninga vår skal sikre og formidla natur- og kulturarven. Me skal vera eit førebilde for godt vertskap, god forvaltning og lokal verdiskaping."

-Visjon for verneområda i Nærøyfjorden -

3.1 Mål for verneområda i Nærøyfjorden

Det overordna målet er ein god balanse mellom å ta vare på verneverdiane, gje gode opplevingar for besökjande og leggje til rette for lokal verdiskaping. Samanstillinga av kunnskapen dannar grunnlaget for dei tre konkrente måla nedanfor, jf. rettleiar for besøksforvatning i norske verneområde frå Miljødirektoratet.


1. Besøk og verdiskaping i tråd med verneføremåla og god lokalsamfunnsutvikling
2. Ta vare på område med urørt preg og lite tilrettelegging
3. Gode opplevingar som gir besökande og lokalbefolkning auka kunnskap om verneverdiane og verdsarven

3.2 Strategiske grep og tiltak

Dei strategiske grepene og tiltaka er knytt til måla for besøksstrategien. Dei strategiske grepene beskriv dei overordna grepene/handlingane som må takast for arbeidet med besøksforvaltning i verneområda. Tiltaka er dei konkrete innsatsane som følgjer kvart strategiske grep, og som skal utførast for at dei ulike måla skal bli nådd.

3.2.1

Mål 1: Besøk og verdiskaping i tråd med verneføremåla og god lokalsamfunnsutvikling



- 1 Urørt preg
- 2 Naturnært preg- enkel tilrettelegging
- 3 Kulturlandskap- noko tilrettelegging
- 4 Bygder- god tilrettelegging
- 5 Tettstader- særleg god tilrettelegging

Omtrent kor mykje bruk i 2011

- Ekstremt mykje bruk
- Svært mykje bruk
- Mykje bruk
- Ein del bruk
- Lite/svært lite bruk
- Landskapsverneområde/naturreservat

— Strekning utsatt for erosjon og utvasking



○ Stiar for store folkemengder

Figur 12. Kart som viser grad av tilretteleggjring og bruk av stiar. Kjelde: Fylkesatlas og landskapsanalsye for Nærøyfjorden.

Strategiar og tiltak:

Tilrettelegging kan brukast for å kanalisera ferdsel til utvalde stiar og område. Kunnskap om villreinen sin sårbarheit for ferdsel i kjerneområde på sommarstid må aukast før det blir tilrettelagt for ferdsel. Kulturlandskap og kulturminne i tilknyting til utvalde stiar bør prioriterast med skjøtsel. Denne tilrettelegginga vil kunne auke talet på besøkjande til grender og lokalsamfunn og gje grunnlag for at lokale verksemder kan få auka verdiskaping.

Ferdsel skal ikkje vera til hinder for aktiv landbruksdrift. Det skal takast omsyn til beiting og landbruksdrift i samband med planlegging av besøk og ny tilrettelegging. Ulike avbøtande og konfliktdempande tiltak skal vurderast der det er behov.

Det må greiast ut korleis infrastruktur som parkering, toalettfasilitetar og avfallshåndtering skal løysast i desse områda, dette gjeld mellom anna Flåm, Undredal, Gudvangen, Bakka, Dyrdal, Styvi, Fresvik og Jordalen.

Det er ikkje ynskjeleg å leggje til rette for sykkelstiar i verneområda. Slik ferdsel bør kanaliserast til bygdevegar, grusvegar og andre eksisterande vinar.

Styre ferdsel på fjorden:

Ferdsel på fjorden skal skje på ein måte som tar omsyn til natur- og kulturverdiar og andre brukarar av fjorden. Ferdsel på fjorden skal gje gode opplevelingar for alle reisande på og ved fjorden, og for innbyggjarar langs fjorden. Ferdsel på fjorden skal ikkje vere prega av trengsel. Støy og forureining skal minimerast, og alle skal kunne oppleva naturens eigne lydar og særpreget ved området til ulike årstider. Natur- og landskapselement og kulturminne utanom busette område skal ha naturleg lys, og ein skal unngå lysureining. Det må leggast til rette for betre samhandling mellom reiselivsverksemndene, destinasjonselskapa, forvaltningsmyndigheita og lokalsamfunn.

- Tiltak:*
- Dialogmøter mellom forvaltning, reiseliv og lokalsamfunn, i samarbeid med Nærøyfjorden Verdsarvpark
 - Innspel til destinasjonselskapa sine reiselivsplanar
 - Møte med offentlege instansar om påverknad på verneverdiane av motorisert ferdsel på fjorden, båttrafikk og moglege tiltak som omsynssone, tilpassing av ruteløyve og andre reguleringar
 - Følgje opp at fartsreglar blir overheldt, og ta opp spørsmål om utvida fartsreguleringssone med Aurland hamnevesen
 - Følgje opp forskriftsendring for utvida fartsreguleringssone med Miljødirektoratet
 - Samarbeid med hamnevesenet om krav om miljøinstruks for båtferdsel og ureining
 - Utvikle og formidle retningslinjer for sporlaus ferdsel, samt retningslinjer for å unngå negativ påverknad på viltlevande dyr på og langs fjorden

Legge til rette ilandstigingsplassar for padlarar på fjorden

Det skal tilretteleggjast for gode ilandstigningsplassar samtidig som ein tek vare på natur- og kulturverdiane i området. Telt- og leirplassar må veljast ut i samarbeid med grunneigarane, og det bør informerast tydeleg om kvar det eventuelt er forbod mot telting. Tilpassa ilandstigingsplassar bør ha utedo med god nok kapasitet og faste oppmura bålpllassar. God informasjon på plassen og i startpunkt for turen om korleis gjestene skal ta vare på område for å unngå konflikt med landbruksinteresser, ta vare på kulturminne og hindre ureining. Det er også aktuelt å tilrettelegge for ilandstigningsplassar utanfor verneområda for å avlaste desse, t.d. i Fresvik.

Tiltak:

- Tilpassa tilrettelegginga på utvalde telt- og leirpllassar; Holmo, Odnes, Skalmenes, Salthella, Stokko, Fronnes*
- Vurdere nye, alternative leirpllassar både i og utanfor verneområda*
- Vidareutvikle kart for padlarar på fjorden*

Styre ferdsel på stiar

Ferdsel på land skal kanaliserast langs stiar med ulik grad av tilrettelegging for å ta vare på sårbar natur, kulturverdiar, lokalbefolkinga og landbruket. Eit fåtal stiar skal ha høg grad av tilrettelegging for store folkemengder. Resterande stiar skal vere tilrettelagt for enkelt friluftsliv. Ved val av kva vegar/stiar som ein ynskjer å leggje til rette, er det viktig at følgjande vert vurdert:

- Vegen/stien sin kulturhistoriske verdi*
- Balanse mellom bruk og vern, slitasje*
- Grad av tilrettelegging*
- Sikkerheit for dei som skal bruke vegen/stien*
- Alder på vegen/stien, nokon vegfar kan ha ein svært høg alder og vere automatisk freda.*

• Stiar for store folkemengder:

Tiltak:

- Infrastruktur ved start av sti til Brekkefossen*
- Lage og vedlikehalde sti til Sivlefossen og Stalheimsfossen*
- Innspel til destinasjonsselskapa om marknadsføring av dei tilrettelagte stiane*
- Ta initiativ overfor kommunane for å etablere infrastruktur i tilknyting til stiane*

• Tilrettelegging for enkelt friluftsliv

Stiane må haldast ved like for å tolke ferdsel, mellom anna ved å rydde stitrase, leia vatn vekk frå stien, markere naturlege svingar på stien for å unngå snarvegar som aukar erosjonsfare. Stiane skal ha god merking med startpunkt med informasjon, skilting av kulturminne og stadnamn. Parkeringsmoglegheit og toalettanlegg nær startpunkt kan gjerne knytast til etablert næringsverksemrd.

Tiltak:

- Postvegen Bleiklindi – Styvi; vedlikehald og rydding etter ras
- Odnesfossen; tiltak mot erosjon på stien
- Dyrdal; Vedlikehald øvre og nedre sti til Skogane, til Salthella, gamlevegen og veg til Jeiskali
- Undredal; Vedlikehald av stiar Hovdungo, Stokko, gamlevegen
- Stigakaien - Stigen – Beitelen; Vedlikehald av sti
- Sivle – Nåli - Vedlikehald av sti
- Bakka – Rimstigen - Breiskrednosi - Dyrdal. Markere stien over Rimstigfjellet, for å unngå slitasje på vegetasjonen
- Gudvangen, gamlevegen til Bakka; Infotavler om rasfare
- Fyrde – Grindafletane – Mjølfjell; Kvista vinterløype
- Fresvik; Vedlikehald av stiar i Tundalen og Storeldalen
- Sluppen - Utferdsområde til Bleia og Jernhetta. Vurdera kvisting av vinterrute for å styra ferdsel. Av omsyn til villreinen sitt trekkområde bør ein framleis halde på vinterstengt bilveg fram til 1. juni, jf. Regional plan for Nordfjella
- Lage ein plan for vedlikehald av stiar, bruver, bygningar og kai i Norheimsdalen
- Ferdselsteljar på stiar som kan vere aktuelle for tiltak
- Vurdere sårbarheitsanalyse, mellom anna i kjerneområde for villrein om sommaren
- Samordne stimerking med kommunale sti- og løypeplanar.
- Avbøtande og konfliktdempande tiltak der turstiar kjem i konflikt med landbruksdrift
- Vurdere trøng for parkering, toalett og boshandtering

Tilrettelegging av turmål

Nokre toppar og utkikkspunkt i Nærøyfjorden landskapsverneområde har vorte populære turmål dei seinare åra. I desse områda må ein vurdera tiltak for å styre ferdsel og unngå skade på natur- og verneverdi .

Områda må merkast for å styre ferdsel til etablerte stiar, og sårbare parti på stiane må stein-/kloppleggast. Tirlå at område ikkje vert besøkt dersom villreinen nyttar området, og komme med framlegg om alternative turar.

Tiltak: -Tilrettelegge følgjande områder med mykje besøk i dag:

- o Slottedalen - Bakkanosi, Jordalen
- o Dyrdal til Breiskrednosi, Nærøyfjorden
- o Bakka - Rimstigen

-Tilrettelegge nytt turmål i Dyrdal, frå Arnahus til Gardbog og Lindagardane.

-Vise til alternative turmål utanfor verneområda i tråd med sti- og løypeplanar i kommunane. Alternative turmål kan mellom anna vere:

- o Prest
- o Stegastein (nasjonal turistveg)
- o Aurlandsdalen
- o Flåmsdalen
- o Kongevegen over Filefjell
- o Fresvik

Dialog med Reiselivet


Satsing på eit heilårs reiselivstilbod som er tilpassa natur- og kulturarven, er positivt for lokalsamfunnsutviklinga. Reiselivstiltak skal ikkje føra til vesentlege fysiske tiltak inne i verneområdet eller til auka motorisert ferdsel. Det kan i mange tilfelle vera aktuelt å ta i bruk stølshus og andre bygningar i landbruket i samband med småskala reiseliv. Ved ny bruk av bygningar i verneområda, må ein ta utgangspunkt i kva bygget er eigna til. Bygningsmessige tilpassingar skal ikkje redusera den kulturhistoriske verdien til bygget. Kulturavdelinga hjå fylkeskommunen har god kompetanse på dette feltet, og bør koplast på tidleg i planprosessane.

Gjennom tilrettelegging for småskala reiseliv med lokalmat og naturbaserte opplevingar kan besøkjande få gode opplevingar av området og kunnskap om kulturlandskapsverdiane.

- Tiltak:*
- Delta på møteplassar for reiselivet om næringsaktivitet i verneområde*
 - Rettleiing om verneområda til reiselivsaktørar som ynskjer å starte aktivitet i verneområda*
 - Innspel til reiselivsplanar for destinasjonsselskapa*
 - Tilby informasjon/kurs om verneverdiane og aktivitet i verneområda til turguidar og verksemder med aktivitet i verneområda*
 - Jobbe for båtrutetilbod med stopp i veglause grender som er viktige startpunkt for turar i verneområda*

3.2.2

Mål 2: Ta vare på område med urørt preg og lite tilrettelegging



Figur 13. Kart som viser område med urørt preg og lite tilrettelegging. Kjelde: Fylkesatlas og landskapsanalyse for Nærøyfjorden.

Strategiar og tiltak:

Inngrepstilte område har ein eigenverdi og er eit viktig grunnlag for biologisk mangfald. Dei er òg ein del av vår nasjonale arv og sjølvkjensle. Urørte område i Noreg minkar raskt. Å stoppe denne utviklinga krev ei samla planlegging og forvaltning av dei resterande områda.

Unngå ny tilrettelegging i utvalde område

I utvalde område bør ein unngå ny tilrettelegging, og ferdsel må styrast utanom område som er sårbar for ferdsel. I desse områda kan det setjast opp retningskilt i vegkryss og der det er behov for å vise rett veg, men ikkje skilt utover det (t.d. namn på plassar og vardar). Gamle ferdslivegar kan haldast ved like og vardast på nytt. Aktivitet i desse områda bør ikkje føre til auka motorisert ferdsel eller etablering av faste leirplassar. Vurdering av tiltak og verknader av nye inngrep bør skje i eit langsiktig tidsperspektiv – 200 år. (Forvaltningsplan Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden).

I desse områda skal ein unngå ny tilrettelegging:

bl. Bleia – naturreservat. Alpint område. Ikkje auka bruk utover aktivitet i dag, jf. verneforskrift. Med unntak av aktivitet knytt til Hausen

un. Undredalshalvøya – høgfjell – lite bruk - høg landskapsverdi. Urørt preg med merka stiar – framleis enkelt friluftsliv. Villreinområde

nv. Fjellområda nord-vest for Nærøyfjorden – Alpine høgfjellsdalar, villreinområde. Høg landskapsverdi og urørt preg. Med unntak av turmåla Bakkanosi og Breiskrednosi skal det ikkje tilretteleggjast for auka aktivitet i desse områda

gr. Gråonosmyrane naturreservat – høg landskapsverdi, myrområde. Urørt preg. Ikkje meir tilrettelegging utover eksisterande merka sti

bs. Bleia - Storebotnen og urørt fjellområde på austsida av Aurlandsfjorden. Urørt preg. Villreinområde


se. Ved sagelva i Nærøyfjorden

nh. Nordheimsdalen

Tiltak:
-Delta på møter og gje innspel til sti- og løypeplanar i kommunane og for Fjellheimen villreinområde
- Informere reiselivsnæringa og andre brukarar av verneområda om dei områda som ikkje skal tilretteleggast

3.2.3

Mål 3: Gode opplevelinger som gir besøkande og lokalbefolkningen auka kunnskap om verneverdiane og verdsarven



Figur 14. Kart som viser eksisterande startpunkt og informasjonspunkt. Kjelde: Fylkesatlas og landskapsanalyse for Nærøyfjorden.

Strategiar og tiltak:

I besøksstrategien skal det prioriterast innfallsportar med ulik grad av tilrettelegging. Innfallsportar omfattar utsiktspunkt, startpunkt og informasjonspunkt. Den nasjonale merkevareprofilen skal nyttast i innfallsportane som vert prioritert, og i verneområdet. Tilrettelegging ved innfallsportane må samordnast med eksisterande informasjon om verdsarvområdet.

Det er sett opp informasjonstavler om verdsarven på fleire stader i og rundt verdsarvområdet. Desse vert tilpassa designmanualen for nasjonalparkar i Noreg og skal samordnast med Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap. Det skal lagast ein kommunikasjonsplan med prioritering av informasjonspunkt, startpunkt og informasjonskanalar. Det må avklarast kven som har ansvar for formidlinga, og korleis ein skal samarbeida om formidling.

Verdsarvsenter

I Geirangerfjordområdet, der det er verdsarvsenter, er forvaltningsknutepunktet lagt til senteret. Per i dag er forvaltningsknutepunktet for Nærøyfjordområdet i Aurland. Det er utarbeidd ein rapport med vurdering av aktuelle stader å plassere verdsarvsenteret (prosjeekteigar Nærøyfjorden Verdsarvpark). Rapporten må leggjast til grunn for vidare vurderingar. Informasjon i eit verdsarvsenter må knytast saman med verdsarvhusa og styrke dei stadeigne kvalitetane. Vidareutvikle modellen frå verdsarvhuset i Undredal.

Kommunikasjonsplan

På grunn av det store besøkstalet i verneområda, er det stort potensial for å informere mange personar om verdien av natur og fornuftig arealbruk, samt levande formidling av endringar som skuldast menneskeskapte klimaendringar. Det vil bli utarbeidd ein eigen kommunikasjonsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, som mellom anna vil omhandle formidling av verneverdiane og verdsarven, reglar for ferdsel og ein medviten plan for marknadsføring. Kva skal marknadsførast? Kva er utgangspunktet?

Det er viktig å gjere ein god vurdering av kva ein ynskjer at opplevinga skal vere og kva konsekvensar marknadsføring gjev. Ein medviten haldning må leggjast til grunn for bruk av bilete og sosiale media. Marknadsføring bør brukast aktivt for å styre aktivitet utanom sårbare område. Det må arbeidast aktivt med førebyggjande informasjon og haldningsendring og lagast reglar for korleis ein skal oppføre seg i områda. Døme på dette er «Leave no trace», som har fokus på mellom anna avfallshandtering (innmark/beite/utmark). Det må òg på plass god informasjon og skilting om skogbrannfare, beitebruk, bruk av grinder, åtferd i nærleiken av beitedyr og ilandstigingsforbud i område som blir slått. Formidlinga krev god dialog med alle aktørar i tillegg til eit godt samarbeid med landbruket og grunneigarar. Alle formidlingskanalar må vere lett tilgjengelege, og det må vere ein felles plattform for informasjon om verneområda som kan knyttast til reiselivet sine informasjonskanalar.

- Tiltak:*
- Kommunikasjonsplan for verneområde og verdsarvområda, med mellom anna
 - o Skiltplan
 - o Plan for kvar innfallsport (informasjonspunkt, startpunkt, utsiktspunkt)
 - o Plan for formidling under reise, td. formidling på båt (cruise/ferjer) og tog
 - Gjennomføre brukarundersøkingar på startpunkt
 - Bruke nettsider og sosiale media meir aktivt i formidlinga
 - Utvikle ny nettside for Vestnorsk fjordlandskap - Nærøyfjorden, etter ny designmanual
 - Samarbeid med Verdsarvparken om oppretting av eigne naturguidar
 - Delta i planarbeidet med etablering av verdsarvsenter

3. Tiltaksplan

Tiltaksplan

Mål 1: Besøk og verdiskaping i tråd med verneføremåla og god lokalsamfunnsutvikling.			
Strategiar og tiltak - kort beskriving	Samarbeids-aktørar	Kven gjennomførar	Gj. føringss-periode
Styre ferdsel på fjorden			
<i>Dialogmøter mellom forvaltning, reiseliv og lokalsamfunn, i samarbeid med Nærøyfjorden Verdsarvpark</i>	Forvaltning, reiseliv, lokal-samfunn	Verdsarv-parken, verne-områdestyret	2020-2022
<i>Innspel til destinasjonsselskapas sine reiselivsplanar</i>	Destinasjons-selskapas	Verneområde-styret	2020-2022
<i>Møte med offentlege instansar om påverknad på verneverdiane av motorisert ferdsel på fjorden og moglege tiltak som omsynssone, tilpassing av ruteløyve og andre reguleringar</i>	Kommunane, fylkeskommunen, SNO	Verneområde-styret	2020
<i>Følgje opp at fartsreglar blir overhalde</i>	Aurland hamnevesen, Aurland kommune	Verneområde-styret, SNO	2020-2021
<i>Ta opp spørsmål om utvida fartsreguleringssone med Aurland hamnevesen</i>	Aurland hamnevesen, Aurland kommune	Verneområde-styret, SNO	2020-2021
<i>Følgje opp forskriftsendring for utvida fartsreguleringssone med Miljødirektoratet</i>	Miljø-direktoratet	Verneområde-styret	2020
<i>Samarbeid med hamnevesenet om krav om miljøinstruks for båtferdsel og forureining</i>	Hamnevesen, Reiseliv m/ dest.selskapas, Kommunane, SNO	Verneområde-styret	2020-2022
<i>Utvikle og formidle retningslinjer for sporlaus ferdsel samt retningslinjer for å unngå negativ påverknad på viltlevande dyr på og langs fjorden</i>	Verdsarv-parken, reiselivet, grunneigarar, SNO	Verneområde-styret, Verdsarv-parken	2020-2022
Legge til rette ilandstigningsplassar for padlarar på fjorden			
<i>Tilpassa tilrettelegginga på utvalde telt- og leirplassar: Holmo, Odnes, Skalmenes, Salthella, Stokko, Fronnes</i>	Grunneigarar, Aurland kommune, Verdsarv-parken, reiselivet	Verneområde-styret, SNO	2020-2022

<i>Vurdere nye, alternative leirplassar</i>	Grunneigarar, Verdsarvparken, Aurland kommune, reiselivet	Verneområdestyret, SNO	2020
<i>Vidareutvikle kart for padlarar på fjorden</i>	Verneområdestyret, reiselivet, grunneigarar, Kommunen	Verdsarvparken	2019-2020
Ferdsel på stiar for store folkemengder			
<i>Infrastruktur ved stistart</i>	Verneområdestyret, SNO, Verdsarvparken, reiselivet	Aurland kommune	2019
<i>Lage og halde ved like sti til Sivlesfossen og Stalheimsfossen</i>	Verneområdestyret, Verdsarvparken, grunneigarar, fylkeskommunen, SNO	Voss kommune	2019-2022
<i>Innspel til destinasjonsselskapa om marknadsføring av dei tilrettelagte stiane</i>	Destinasjons-selskapa	Verneområdestyret	2020-2022
<i>Ta initiativ overfor kommunane for å etablere infrastruktur i tilknyting til stiane</i>	Kommunane, grunneigarar, Verdsarvparken	Verneområdestyret	2019-2022
Tilrettelegging for enkelt friluftsliv			
<i>Postvegen Bleiklindi – Styvi; vedlikehald og rydding etter ras</i>	Grunneigarar, fylkesmannen	Verneområdestyret, SNO	Årleg
<i>Odnesfossen; tiltak mot erosjon på stien</i>	Grunneigarar	Verneområdestyret, SNO	2020
<i>Dyrdal; Vedlikehald øvre og nedre sti til Skogane, til Salthella, gamlevegen og veg til Jeiskali</i>	Grunneigarar, SNO, verneområdestyret	Grunneigarar	Årleg
<i>Undredal; Vedlikehald stiar Hovdungo, Stokko, gamlevegen (Undredal)</i>	Grunneigarar, verneområdestyret	Grunneigarar	Årleg
<i>Stigakaien - Stigen – Beitelen; vedlikehald av sti</i>	Grunneigarar, verneområdestyret	Grunneigarar	Årleg
<i>Sivle – Nåli; vedlikehald av sti</i>	Reiselivet, grunneigarar Verdsarvpark		

<i>Stiar til utkikkspunkt; Slettedalen – Bakkanosi, Dyrdal – Breiskrednosi, Vurdera tilrettelegging</i>	Grunneigarar, Voss kommune, verne-områdestyret	Grunneigar	Årleg
<i>Bakka – Rimstigen - Breiskrednosi - Dyrdal. Markere stien over Rimstigfjellet, for å unngå slitasje på vegetasjonen</i>	Grunneigarar, verne-områdestyret	SNO	2020-2021
<i>Gudvangen, gamlevegen til Bakka; Vedlikehald og infotavler om rasfare</i>	Reiselivet, grunneigarar, Verdsarv-parken, verne-områdestyret		2020
<i>Fyrde – Grindafletane – Mjølfjell; kvista vinterløype</i>	Voss utferds-lag, villrein-nemnd, verne-områdestyret	Voss utferdslag	Årleg
<i>Fresvik; Vedlikehald av stiar i Tundalen og Storeldalen</i>	Verne områdestyret, grunneigarar	Fresvik bygdalag	Årleg
<i>Sluppen - Utferdsområde til Bleia og Jernhetta. Vurdera kvisting av vinterrute for å styre ferdsel</i>	Verne områdestyret, kommunen, fjellstyra, villrein-nemnda	Lærdal kommune	2020
<i>Lage ein plan for vedlikehald av stiar, bruer, kai, bygningar og do i Nordheimsdalen</i>	Grunneigar, Aurland fjellstyre	Verne områdestyret, fjellstyret	2020-2021
<i>Ferdselsteljar på stiar som kan vere aktuelle for tiltak.</i>	Verneområde-styret	SNO, Verdsarv-parken	2019-2022
<i>Vurdere sårbarheitsanalyse, mellom anna i kjerneområde for villrein om sommaren</i>	SNO, villrein-nemda	Verneområde-styret	2020-2022
<i>Samordne stimerking med kommunale sti- og løypeplanar</i>	Kommunane	Verneområde-styret	2019-2022
<i>Avbøtande og konfliktdempande tiltak der turstiar kjem i konflikt med landbruksdrift</i>	Grunneigarar, kommunane, verneområde-styret		2020-2022
<i>Vurdere trøng for parkering, toalett og boshandtering.</i>	Grunneigarar, Verdsarv-parken	Verneområde-styret, kommunane	2020-2021

Tilrettelegging av turmål			
<i>Tilrettelegge følgjande områder med mykje besøk i dag:</i> -Slettedalen - Bakkanosi, Jordalen -Dyrdal til Breiskrednosi, Nærøyfjorden -Bakka - Rimstigen	Grunneigarar, Verdsarv-parken, reiselivet	Verneområde-styret, grunneigarar, SNO	2019-2020
<i>Vise til alternative turmål utanfor verneområda, i tråd med sti- og løypeplanar i kommunane</i>	Grunneigarar, Verdsarv-parken, reiselivet	Verneområde-styret	2019-2022
Dialog med Reiselivet			
<i>Delta på møteplassar for reiselivet om næringsaktivitet i verneområda</i>	Kommunane Verdsarv-parken, næringslivet	Verneområde-styret	2019-2022
<i>Rettleiing om verneområde til reiselivsaktørar som ynskjer å star aktivitet i verneområda</i>	Kommunane, verdarv-parken	Verneområde-styret	2019-2022
<i>Innspel til reiselivsplanar for destinasjonsselskapa</i>	Destinasjons-selskapa, verdsarv. parken	Verneområde-styret	2019-2022
<i>Tilby informasjon/kurs om verneverdiane og aktivitet i verneområda til turguidar og verksemder med aktivitet i verneområda</i>	Verdsarvpar-ken, reise-livsaktørar, kommunane	Verneområde-styret	2020-2022
<i>Jobbe for båtrutetilbod med stopp ved veglause grenader som er viktige startpunkt for turar i verneområda</i>	Aurland hamnevesen, båtselskapa	Verneområde-styret	2020-2022

Mål 2: Ta vare på område med urørt preg og lite tilrettelegging

Strategiar og Tiltak - kort beskriving	Samarbeids-aktørar	Kven gjennomførar	Gj. førings-periode
Unngå ny tilrettelegging i utvalde område			
<i>Delta på møter og gje innspel til sti- og løypeplanar i kommunane og for Fjellheimen villreinområde</i>	Kommunane, villreinnemnd, villrein-utval	Verneområde-styret	2019-2022
<i>Informere reiselivsnæringa og andre brukarar av verneområda om dei områda som ikkje skal tilretteleggast</i>	Reiselivet, Verdsarv-parken	Verneområde-styret	2020-2022

Mål 3: Gode opplevingar som gir besøkande og lokalbefolkningen auka kunnskap om verneverdiane og verdsarven

Tiltak - kort beskriving	Samarbeids-aktørar	Kven gjennomførar	Gj. føringperiode
Kommunikasjon			
<i>Kommunikasjonsplan for verneområda og verdsarvområdet, med mellom anna</i> - Skiltplan - Plan for kvar enkelt innfallsport - Plan for formidling under reise, t.d. cruise/ferjer og tog	Kommunane, grunneigarar, Verdsarv parken, destinasjons-selskapa, Aurland hamnevesen	Verneområde-styret	2019-2022
<i>Gjennomføre brukarundersøkingar på startpunkt</i>	Grunneigarar, Verdsarv parken	Verneområde-styret	2010-2022
<i>Bruke nettsider og sosiale medier meir aktivt i formidlinga</i>	Destinasjons-selskapa, kommunane, verne-områdestyret	Verdsarv-parkern	2019-2022
<i>Utvikle ny nettside for Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden etter ny designmanual</i>	Destinsjons-selskapa	Verneområde-styret, Verdsarvpark	
<i>Samarbeida med Verdsarvparken om oppretting av eigne naturettleiarar</i>	Destinasjons-selskapa, reiselivet, Verdsarvpark	Verneområde-styret	2020-2022
<i>Delta i planarbeidet med etablering av verdsarvsenter</i>	Dest.selskapa reiselivet, Verdsarv parken	Verneområde-styret	2019-2022

4. Kjelder

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. **Forvaltningsplan Vestnorsk fjordlandskap - Delområde Nærøyfjorden.** Nr 1-2008

Miljødirektoratet. **Veilder for besøksforvaltning i norske verneområder.** M415-2015

Hagen Dagmar, Eide Nina E. , Vistad Odd Inge og Gundersen Vegard.

Vurdering av kor sårbare utvalde lokalitetar i Nærøyfjorden landskapsvernombordet er for ferdsel. NINA rapport- 1436.

Sørensen Ola Jacob, Oslo Economics. **Brukerundersøkelse i Nærøyfjorden landskapsvernombordet sommeren 2018.** Nr. 5-2019

NHO Reiseliv. **Mot et bærekraftig reiseliv.**

Vestlandsregionen-Fylke - **Cruisestrategi for Vestlandsregionen 2016-2020**

Lykkja Hanne, Bjarnadottir Snædis, Johansen Gørjan - **Prinsipp for besøksforvaltning - Vestnorsk fjordlandskap.** Nr. 1- 2018

Sjøfartsdirektoratet - **Miljøtiltak i verdensarvfiordene.** Nr. 0025 - 2018, Rev 1.

Uni Research, Polytec - **Rapport-Erosjon fra skipbølger - Nærøyfjorden Landskapsvernombordet.** Nr. M17025-R001

Løge & Dombu **Økonomiske effekter av reiselivet i Sognefjorden - November 2017**

Lykkja Hanne, Bjarnadottir Snædis, Johansen Gørjan, Skjerdal, Bengt Erlend - **Landskapsanalyse - Nærøyfjordområdet - Vestnorsk fjordlandskap.** Nr. 11 - 2016 - upublisert.

Kjell T. Nilssen og Arne Bjørge: **Møte i Sjøpattedyrutvalget, Tromsø, 24.-25. oktober 2019. Status for kystsel - anbefaling av jaktkvoter 2020.**

Nettsider:

www.Fylkesatlas.no

